

## **Referat frå møte i FAU Kleppe skule 26.09.2017 kl. 19:00.**

Til stades:

1.trinn: Lisbeth Skogland  
2.trinn: Else Berit Hattaland (referent)  
3.trinn: Inghild Versland  
4.trinn: Anders Bøe  
5.trinn: Beate Braut  
6.trinn: Dag Folkvord  
7.trinn: Torunn Vigrestad  
SFO: Helga Lønne  
Skulen: Sylvia Gjersdal

### **1. Godkjenning av referat 29.08.17.**

Referatet blei godkjent.

### **2. 50-års jubileum, jubileumsveka.**

Saman med innkallinga låg det program for 05.10, oversikt foreldreakтиветар 05.10 og oversikt kakebaking til tysdag 03.10 og kake- og loddosal 05.10.

Etter at oversikta med namn på foreldre som skulle levera kake til tysdag og kake- og loddosal torsdag, er det komne fleire namn på lista. Det er no tilfredsstillande dekning av foreldre for aktivitetar i veka. Me treng litt fleire glutenfri kaker til tysdag. Inghild kontaktar nokre ho kjenner som kan ordna glutenfrie og/eller mjølcefrie kaker.

Me bestemte at prisen for ei loddremse er 20 kr, kake/påsmurt skal kosta 10,- og kaffi/saft 10,-. Dag kjøper lodd, tallerkar, serviettar, koppar og glas til torsdagen. Dag ordnar også med vekslepengar. Dag sjekkar opp om me kan få vår eigen Vipps-konto til jubileumskvelden.

Dei tilsette organiserer rom klart til kafé på kvelden. Dei foreldra som har vakt i kafeane er med og ryddar etter at kvelden er slutt.

Søppelsekkar kan me få av skulen.

Lisbeth kontaktar foreldre og set opp vaktoversikt kor folk skal vera på torsdag for å selja lodd og kaker. Det er naturleg at foreldre blir sett opp på dei områda der ungane deira har klasserom.

Sylvia lagar skriv til heimane om det som skal skje jubileumsveka og jubileumskvelden. OBS! Ikkje lov til å ta biletar av andre ungar utan å ha lov av foreldra.

### **3. Heim-skule samarbeid; foreldredeltaking fleirkulturelle foreldre.**

Me tek denne sakana oppatt i eit anna møte.

### **4. Møteplan.**

Me blei einige om å skyva alle møtedagane frå tysdag til måndag.

### **5. Refleksdemo 1.trinn.**

Tormod har teke kontakt og me ønskjer refleksdemonstrasjon på parkeringsplassen fjerde etasje Jærhagen også i år. Dag ber Tormod koma opp med forslag til dato og opplegg. Me ønskjer ikkje demonstrasjon av hjelmar.

## **Referat frå møte i FAU Kleppe skule 26.09.2017 kl. 19:00.**

### **6. Trafikksikring.**

Det er ikkje noko nytt å melda. Sylvia har vore i kontakt med kommunen om å få opp skilt. Ho ventar på tilbakemelding.

### **7. Ordensreglar skulane i Klepp.**

Me kjem tilbake til saka. Den skal ut på ny høyring.

### **8. Nye 17.mai på Kleppe - komité.**

Me kjem tilbake til saka.

### **9. Finansiering av FAU.**

Dag har vore i kontakt med nokre skular omkring for å få vita korleis dei finansierer aktivitetar initiert av FAU. Bore har gatecup kor FAU får inntekter frå sal av mat og drikke. Elles har FAU Bore skule ein loppemarknad som gjev dei gode inntekter.

### **10. Temakveld lag og organisasjonar.**

Me kjem tilbake til saka.

### **11. Manifest mot mobbing=Partnerskap mot mobbing**

Me kjem tilbake til saka.

### **12. Tiltak for å motivera til foreldrearbeid**

Utgangspunkt i ein e-post frå ein forelder. Det har vore vanskeleg å rekruttera klassekontaktar i enkelte klassetrinn. Me diskuterte at sitjande foreldrekontakte og FAU-medlemmer på foreldremøte må vera tydelegare om kva som er gjort siste år og få fram at det er gildt, ikkje mykje å gjera for ein foreldrekontakt. Me kan visa til handboka med tips og årshjulet som har vore på trinnet før. Ein moglegheit er også at ein klassekontakt opptrer som "fadder" for ny klassekontakt.

### **13. Aktuelt frå skulen**

- Anne Cathrine Veivåg er tilsett som vikar for leiar på SFO i hennar permisjonstid. Det blir då ein ledig miljøarbeidarstilling.
- Jubileumsveka og opplegg er klart.
- Elevrådet er godt i gang
- Trivselsleiarkurs i gang
- Rådmannen sin 50-årsgåve til skulen er pengar til innkjøp av nye bøker til skulebiblioteket.
- Det har vore synfaring på skuleområdet, inne og ute i samband med utbygginga. Usikker på når bygginga kan starta opp.

### **14. Aktuelt frå driftsstyret/SMU**

Me har hatt eit konstituerande møte med drøfting og vedtak av utviklingsplan for skulen. Gruppa som skal arbeida med partnerskap mot mobbing er etablert. I driftsstyret har me også snakka om jubileumsveka.

### **15. Aktuelt frå KFAU**

- Kommunen skal kutta 3% av budsjett skule- og barnehage. KFAU har bedt om at desse kutta ikkje går ut over pedagogiske innhald, men heller på administrative ressursar.

## **Referat frå møte i FAU Kleppe skule 26.09.2017 kl. 19:00.**

- Refleksdemo – skulane må gje beskjed om dei ønskjer det.
- Lions – eit opplegg for unngå at barn og unge rasar seg. Anders ber dei senda informasjon om opplegget til Sylvia.
- OBS! Nye rutinar for avgrensa tilgang til Dropbox og andre lagringsmedium på nettet for personar som ikkje lenger har ei rolle som tillitsvalt i skulen.

Dag skal friska opp for oss korleis tilgang til ulike dokument FAU på eiga område på nettet.

Neste møte blir: 23. oktober.